



Harald Sætre har gjort ein imponerende jobb med å skildra båt-trafikken

Det er eit paradoks, men like fullt tilfelle: Nokon av dei mest lokalpatriotiske i samfunnet vårt har forlenget flytta heimifrå, men held entusiastisk fast på røtene og pleiar dei intenst sjølv om dei kanskje høyrer heime i eit anna fag. Til denne kategorien høyrar fleire i Uskedalen, men Harald Sætre er i ein klasse for seg. No har bankmannen prestert å skriva ein murstein med bøker om lokalsamfunnet sitt med omgjenvad sjølv om han ikkje har budd i det på mange år. Og temaet han har halde seg til, har heile tida vore trafikken på kryss og tvers i Hardangerfjorden. Han starta med boka Damp, diesel og pågangsmot, var med på bokprosjektet om Stord og har no gjeve ut Fram og tilbake over fjorden, og Fram og tilbake til by'n. Den siste boka handlar om korleis dei tette banda til byen Bergen har vore pleia opp gjennom åra.

Grunnstammen i temaet er HSD-historia. Den har vore skildra skriftleg før, men det er nyttig å få ho servert som ein heilheit, og få servert ho i ein større samanheng. Mange har gjort det før, men Harald har gjort det betre enn dei fleste fordi han så samvitsfullt har utnytta dei mange kjeldende sine.

Dette er inga harelabb-bok, men til å få forstand av sjølv om Sætre ikkje har satsa noko særleg på samferdselspolitiske vurderingar, men stort sett halde seg til fakta. Eit anna pluss ved boka er bilet-tilfanget. Sætre har gjennom heile livet samla bilete, og det kjem no til full nytte i bokproduksjonen. Han har også vore flink til å ta vare på og utnytta anna kjeldemateriale.

Harald har i det heile gjort ein svært samvitsfull jobb og skildra båtsambanda frå dampen sin introduksjon og fram til dagens snøggåtar. Her er det ikkje slurv eller lettvinde formuleringar. Forfattaren trur det knapt er nokon stad rutebåten har hatt meir å seia for lokalsamfunnet enn i vår landsdel. Det kan nok diskuteras, men for ein austlending er det interessant å oppleva kor sentralt båtsambandet har stått i livet til vestlendingane. Omfanget er i alle fall talande nok: På 1930-talet var det 13 lokale reiarlag og 70 rutebåtar som høyrde til i Bergen! DAMPEN kom og DAMPEN gjekk. Harald Sætre har gjort ein kjempejobb for å halda minnet om han levande også inn i ei ny tid.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen